

dok. 249

Kultur- og kirkeopp.
200800738 2.9.08
Kode: KI-501 Del:

Uttalelse frå Selje sokneråd

om innstillinga Styrket demokrati i Den norske kirke, avgitt til Kultur- og kirkedepartementet 13. mai 2008.

På grunn av knapp tidsfrist synest ikkje me i Selje sokneråd at me har kompetanse til å uttala oss om innstillinga som heilskap.

Me ynskjer å støtta forslaget om å leggja soknerådsvalet til ein sams valdag, samanfallande med stortingsvalet. Det har vore gjort her tidlegare, og røynslene er gode.

Generelt meiner me at det ikkje styrkjer demokratiet og lokalkyrkja sine føresetnader til å driva eit godt arbeid å få store saker presentert med svært knapp høyringsfrist. Me spør oss også om kor mykje tid og krefter det løner seg å bruka på å setja seg inn i ting som i alle fall vert avgjort på eit langt høgare nivå.

Selje 29.08.08.

For Selje sokneråd,

Kari Leine Balog, sokneprest

